



VEDTEKTER FOR KOMMUNALT EIGDE BARNEHAGAR I SVEIO KOMMUNE

1. EIGARTILHØVE

Sveio kommune eig og er ansvarleg for drifta av dei barnehagane som er omfatta av desse vedtektene. Barnehagane er administrativt knytt til rådmannen. Det daglege ansvaret for drifta er delegert til styrar i den einskilde barnehage.

Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd i samsvar med *Lov om barnehager med forskrifter*. Kommunestyret skal velja kommunen sine representantar til samarbeidsutvala.

2. FØREMÅLET (§ 1 i Lov om barnehager)

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme

demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Barnehagane skal drivast i samsvar med:

- *Lov om barnehager*
- *Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*
- Gjeldande forskrifter og retningslinjer
- Kommunale vedtak
- Plan for den einskilde barnehage

3. OPPTAKSMYNDE

Eit opptaksnemd etter bemyndigelse frå rådmannen foretar samordna opptak av barn med utgangspunkt i innstilling frå einingsleiar. Opptaksnemda er samansett av fylgjande representantar:

- Barnehagefaglig rådgjevar
- 1 rep. Frå offentlig servicekontor
- 1 rep. Frå kommunale barnehagar
- 1 rep. Frå ikkje-kommunale barnehagar

4. OPPTAKSKRETS

Barn som vert tildelt plass skal som hovudregel vera busett i Sveio kommune.

5. OPPTAK

- Søknad om ny barnehageplass eller endring i opphaldstida der barnet allereie har plass skjer via IST HYPERNET der ein nyttar elektronisk søknadsskjema; sjå www.sveio.kommune.no Det er og høve til å ta kontakt med offentlig servicekontor som kan hjelpa til med søknadsprosessen.
- Sveio kommune har eitt hovudopptak med søknadsfrist den 15. februar kvart år og som vert avslutta innan 31.05. kvart år. Deretter føregår det eit kontinuerleg opptak etter kvart.
- Det vises elles til «rutinar for samordna opptak» som ligg på Sveio kommune sine heimesider.



- Alle offentleg godkjente barnehagar deltek i samordna opptak. Sveio kommune skal leggje til rette for ein samordna opptaksprosess med heimel i barnehagelova medrekna "Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage".
- Samtlege søkjarar vert underretta om utfallet av opptaksutvalets handsaming av søknadane, mogeligheit for å klaga og klagefrist. Klagar som ikkje kan imøtekommast, vert sendt til Sveio kommunes klageutval.
- Tildeling av barnehageplass skal gjerast i samsvar med *Lov om barnehager § 12a*.
- Barn som vert tildelt plass, skal som hovudregel vera busett i Sveio kommune.

Dersom barnehagane ikkje kan tilby plass til alle som søker, skal opptak gjerast etter fylgjande kriterier:

- 1. Prioritet ved opptak jf. Lov om barnehager §13 med merknader**
"Barn med nedsatt funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne.

Barn det er fattet vedtak om etter lov om barneverntjenester §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage".

Krav til dokumentasjon: Skriftleg dokumentasjon frå sakkunnig instans.

- 2. Barn med anbefaling frå andre faginstansar (NAV-flyktning, lege, helsesøster, barnevern m.m.).**

Krav til dokumentasjon: Skriftleg dokumentasjon frå sakkunnig instans.

- 3. Søsken av barn som allereie har plass og som skal fortsetja i same barnehage**

Under elles like vilkår, vert plass til søsken tildelt ved loddrekning. Dette vert gjort i opptaksnemda.

- 4. Øvrige søkjarar**

Ved elles like høve (alder og kjønn) skal søkjarar som har barnehagen på 1. prioritet prioriterast føre dei som har den aktuelle barnehagen på 2. prioritet osv. Under like forhold vert plassane tildelt etter loddrekning. Dette vert gjennomført i opptaksnemda.

6. OPPTAKSPERIODE OG OPPSEIINGSFRIST

Barnehageåret strekk seg frå 15. august til 14. august.

Når eit barn har fått plass, får det behalda plassen fram til skulestart eller til plassen vert sagt opp av ein av partane. Nye barn startar med tilvenning etter avtale med barnehagen.

Alle barn skal avvikla fire veker ferie i løpet av barnehageåret.

Oppseiing av barnehageplass skal gjerast elektronisk sjå: www.sveio.kommune.no. Ta kontakt med offentleg servicekontor om ein treng hjelp.

I barnehageåret gjeld ein gjensidig oppseiingsfrist på to månader, rekna frå den 1. i påfølgjande måned. Det må betalast for oppseiingstida. Ved oppseiing etter 1. april må det betalast ut



barnehageåret. Manglande betaling kan vera oppseiingsgrunn frå kommunen si side.

7. BETALINGSREGLAR

Barnehagane følgjer statlege satsar for maksimalpris på heiltidstilbod i barnehage (41 t/v og meir) jf lov om barnehager § 15. Kommunestyret fastset satsar på deltids plassar og gjeldande betalingssatsar er å finne på kommunen sine heimeside. Foreldrebetalinga vert betalt i 11 terminbeløp kor juli månad er betalingsfri.

Ved oppstart betalar ein for halve august. Det året barnet startar på skulen, betalar ein for halve august og beheld plassen fram til 14. august.

Betaling for kost som barna får i barnehagen vert fastsett i barnehagens samarbeidsutval.

Det vert ikkje gjeve fråtrekk for fråvær ved sjukdom eller av andre årsaker. Heller ikkje i samband med helgedager, høgtids- og planleggingsdagar.

Misleghald av betaling kan føre til at barnet mister plassen.

Fristar for innbetaling og innbetalingsmåte vert ivarettatt av kommunens økonomiavdeling.

8. SØSKENMODERASJON

Det vert gjeve 30 % søskenmoderasjon frå og med søsken nummer to og 50 % søskenmoderasjon frå og med søsken nummer tre og vidare. Dersom søsken går i ulike barnehagar i Sveio kommune (t d privat og kommunal) gjeld same reglar for søskenmoderasjon.

9. BETALINGSREDUKSJON FOR SPESIALPEDAGOGISK HJELP

Det vert utbetalt refusjon for foreldrebetaling for barn som mottar

spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7 i Opplæringslova. Utbetalinga skjer i desember og juli.

10. BETALINGSREDUKSJON PÅ ØKONOMISK GRUNNLAG

Det vises til eige reglement for betalingsreduksjon i foreldrebetalinga med heimel i lov om barnehager § 15 jf. Forskrift om foreldrebetaling, § 3 tredje ledd etter «Forskrift om foreldrebetaling».

Det er særskild søknadsskjema og retningsliner for dette. Desse kan ein få ved å venda seg til offentleg servicekontor eller hentast ut frå Sveio kommune si nettside www.sveio.kommune.no

11. OPNINGSTIDER

Klokkeslettet for når barnehagane opnar og stenger kvar dag vert fastsett i den enkelte barnehage. For nærmare informasjon vises det til barnehagane sine heimesider.

Barnehagane er stengde på laurdagar, jule- og nyttårsafta. Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagane kl.12.00.

Det er ein føresetnad at barna vert levert og henta innan den opphaldstida dei føresette betalar for. Dei fastsette opningstidene må respekterast.

Barnehagane har 5 planleggingsdagar i løpet av eit barnehageår og desse dagane held barnehagane stengt. Planleggingsdagane kan ikkje reknast inn i ferien til barna.

12. FERIE

Alle barn skal ha minst 4 vekers ferie i løpet av barnehageåret, kor minst 3 veker skal vera samanhengande innan tidsrommet 1. juni til 31. august.

Førde barnehage og Valestrand oppvekstsenter har stengt fire veker om sommaren.



Sveio barnehage har sommaropen barnehage. For å få oversyn over behov for personale og for å planleggja ferieavviklinga for barnehagepersonalet, må bruk av barnehagen i juli avtalast skriftleg med styrar i Sveio barnehage innan 1. april.

13. BARNETS HELSE OG SJKDOM

Før eit barn startar i barnehage, skal det leggjast fram erklæring om barnet si helse. Har barnet møtt til ordinær kontroll på helsestasjon, kan slik erklæring gis av barnet sine føresette, jfr. lov om barnehagar § 23.

Om barnet er sjukt eller har fråvær av andre grunnar, må det gis beskjed til barnehagen så tidleg på dagen som mogleg. Eit barn er sjukt når allmenntilstanden tilseier at det ikkje kan vera med på vanlige aktivitetar og/eller er smittefarleg. Personalet kan kontakta barnets føresette og be om at sjuke barn vert henta. Barnehagen held seg til Folkehelseinstituttet sine anbefalingar når det gjeld barns helse og sjukdom.

14. ANSVAR

Personalet har ansvar for barna den tida dei er i barnehagen. Levering og henting av barna er føresette sitt ansvar. Den som følgjer barnet må ikkje forlata barnet før dei har vore i kontakt med ein frå personalet. Det same gjeld ved henting. Barnehagen må få beskjed når andre personar enn vanlig skal hente barnet.

Ved ulike arrangement i barnehagen der dei føresette deltek, har foreldra ansvar for eigne barn. Barnehagen har ikkje ansvar for medbrakte klede eller andre eigendeler.

Dei tilsette i barnehagen kan ikkje ta med barna som passasjer i eigen bil eller offentleg transportmiddel utan føresette sitt skriftlige samtykke. Barn som skal tas

med i privatbil skal vere sikra i henhold til vegtrafikklova.

Det skal innhentast skriftleg tillalese frå føresette før det vert gjort filmopptak av barna. Filming som vert nytta til rettleiing skal det innhentast særskilt løyve til. Ved bruk av levande eller stillbilete til publisering på internett, brosjyrar ol.l. skal dei føresette gi skriftleg samtykke først.

Det skal innhentast skriftleg samtykke frå føresette før barnet kan delta på badeturar eller aktivitetar i basseng. Deler av personalet i barnehagen skal ha godkjent livredningskurs.

Alle tilsette i barnehagen skal ha godkjent førstehjelpskurs.

Barn med plass i barnehagen er kollektivt forsikra, i henhold til dei til ein kvar tid gjeldande avtalar.

15. INTERNKONTROLL

Alle barnehagane har internkontrollsystem i samsvar med forskriftene med heimel i lov om arbeidsmiljø, brannvern, produktkontroll m.m. Dokumentasjon vert oppbevart i barnehagen.

16. BARNEHAGEN SITT SAMARBEIDSUTVAL OG FORELDRE RÅD

1. foreldreråd:

Barnehagen sitt foreldreråd jf *Lov om barnehager §4* består av føresette til alle barna i barnehagen og skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregrappa skapar eit godt barnehagemiljø.

Einingsleiar kallar inn til det fyrste møtet om hausten. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar. Ved avstemning gjeld ei stemme for kvart barn og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

2. samarbeidsutval:



Samarbeidsutvalet, jf Lov om barnehagar § 4, skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet vert valgt for eitt år om gongen og er likt samansett slik:

- representantar frå foreldra
- representantar frå dei tilsette
- representant frå eigar (kommunen)

Det skal vera vararepresentantar for alle gruppene.

Valestrand oppvekstsenter har felles samarbeidsutval for skule og barnehage, samansett av:

- 4 representantar frå foreldra, 2 skule og 2 barnehage
- 4 representantar frå dei tilsette, 2 skule og 2 barnehage
- 2 representantar frå eigar (kommunen), styrar og ein politisk vald
- 2 representantar frå for elevane

Kommunestyret skal velja kommunen sine representantar til samarbeidsutvala.

SU konstituerer seg sjølv og ved avstemning har utvalsleiar dobbel stemme ved stemmelikhet.

17. AREALUTNYTTING

Kommunen si arealnorm er per i dag 4 m² for barn over tre år og om lag 1/3 del (5,33 m²) meir pr. barn under tre år. Einingsleiar er ansvarleg for at antal barn er innanfor den enkelte barnehages godkjente netto leike – og opphaldsareal.

18. MISLIGHALD

Ved manglande betaling kan barnehageplassen bli sagt opp av kommunen etter at skriftleg varsel er gitt. Oppseiingstida er 1. månad frå skriftleg varsel er gitt.

Ved mislighald av kommunens vedtekter for barnehagar, vil skriftleg varset bli gitt.

Etter to skriftlege varslar om misleghald, vil brev med oppseiing av barnehageplassen bli sendt frå barnehagens einingsleiar. Oppseiingstida er 1 månad.

19. ENDRING AV VEDTEKTENE

Innhaldet i desse vedtektene vart sist endra av kommunestyret 16. mars 2015. Vedtektene gjeld frå barnehageåret 2015/16.

Endringar i vedtektene som medfører økonomiske konsekvensar for kommunen, barnehagane eller dei føresette skal leggast fram for kommunestyret.

Rådmannen har mynde til å endra øvrige bestemmelsar etter at endringane har vore førelagt barnehagane til uttalelse.